

Årets nynorskbrukar 2024 – ein hyllest til kvardagsspråket

Jan Olav Baarøy, styreleiar for Nynorsk kultursentrum
6. juni 2024

Prisen «Årets nynorskbrukar» blir tildelt personar eller institusjonar som har synt evne til å bryte med språklege og kulturelle konvensjonar om bruk av nynorsk, som gjennom sitt føredøme eller praktiske arbeid gjer det lettare å vere nynorskbrukar, eller som skapar større allmenn forståing for nynorsk.

I vurderinga for årets tildeling har styret i Nynorsk kultursentrum lagt vekt på ein viktig arena for skriftspråket: Der vi handlar, og kvardagsspråket me ikkje tenkjer over at me les.

Det er vel lite som er meir kvardagsleg enn ein tur på det lokale kjøpesenteret eller samvirkelaget for å handle inn til middag, kjøpe eit nytt verktøy til arbeidet med den uendelege rekkja av oppussingsprosjekt, ordne seg på håret før du skal ta deg godt ut til Festspela i Aasentunet, eller finne ei ny potteplante til bestemor.

I alle desse kvardagssituasjonane er det heilt avgjerande at vi som forbrukarar får møte språket vårt. Ein typisk klisje om nynorsk er at det er «fint i dikt» – men det er då verkeleg flott å sjå eit godt tilbod på Norvegia og grandis presentert på solid nynorsk òg! Og for at nynorsk skal vere eit samfunnsberande språk er det faktisk livsviktig for språket at det blir brukt i nettopp desse situasjonane.

Alle som er opptekne av nynorsk og samtidig er aktive i næringslivet, veit at det ikkje naudsynleg er beint fram å få ta i bruk nynorsk. Digitalisering, samarbeid på tvers av ulike regionar og språkområde, behovet for tilpassing av malar til marknadsføringsmateriell og språkkompetanse hjå dei tilsette er berre nokre døme på utfordringar næringslivet og andre peikar på. Det burde helst ikkje vere slik, men vi må erkjenne at det krev ein liten ekstra innsats å få det til for kvar enkelt. Difor er det rett å heidle dei som gjer den vesle ekstra innsatsen, og som kan vere føredøme for andre.

Årets nynorskbrukar 2024 er samvirkelaget Coop Nordvest og kjøpesenterkjeda Alti for bruk av nynorsk i marknadsføring - både digitalt og fysisk på kjøpesentera og i butikkar. Med denne tildeling vil Nynorsk kultursentrum syne fram desse aktørane som gode føredøme og vonar dei kan inspirere andre store næringslivsaktørar til å gjere den same innsatsen. Ein viktig del av vurderinga styret har gjort dreiar seg om *samarbeidet* mellom konsernleiinga sentralt og dei svært engasjerte lokale senterleiarane og butikksjefane, som har stått på krava og hatt ein konstruktiv dialog for å gjere dei tilpassingane som trengst.

I tillegg til bruk av nynorsk i Ørsta, Førde og Nordfjord, kan du på dei ulike Alti-sentera rundt om i landet sjå bruk av lokale dialektomgrep i marknadsføringa. Alti er med dette godt medvitne om språkmangfaldet vi har i Noreg og brukar dette aktivt i marknadsføringa si. Det trur vi er ein fruktbar strategi! Det skal også seiast at medlemsappen til Coop er tilgjengeleg på nynorsk – så alle her som er medlemmer må hugse på å gjere den vesle endringa i

innstillingane på telefonen sin slik at de også kan få små språkgleder i kvardagen. Det gjer godt å sjå tilbod på bleier og blandebatteri på nynorsk!

Med prisen følger ein pengesum – 100 000 kr. Denne summen har prisvinnarane blitt samde om å donere vidare til det landsdekkande kontaktnettet av og for nynorskbedrifter – Nynorsk bedriftsforum. Deira visjon er at det skal vere like enkelt å vere nynorskbedrift som bokmålsbedrift, at ei bedrift ikkje automatisk treng å vere bygd på og nytte bokmål. Alle medlemene der syner at dei har eit samfunnsengasjement som strekkjer seg utover ambisjonane for kvar einskild bedrift. Med denne donasjonen frå prisvinnarane blir årets pris ikkje berre ein honnør til Coop Nordvest og Alti, men til alle bedrifter som ønskjer å gjere ein innsats for språket vårt.

Tusen takk for det! No skal vi få representantar frå både den sentrale leiinga og frå lokale senter og butikkar i både Coop Nordvest og Alti opp på scena. Gi dei ein varm applaus!